



Magdalena Gawronska  
Mjåtveitmarka 36f  
5918 FREKHAUG

Referanser:  
Dykkar:  
Vår: 22/5358 - 22/57132

Saksbehandlar:  
Hanne Marie Evensen  
hanne.marie.evensen@alver.kommune.  
no

Dato:  
15.07.2022

## Ferdigattest - gbnr 322/229 Mjåtveit - seksjon 6

**Administrativt vedtak:** Saknr: 781/22  
**Tiltakshavar:** Magdalena Gawronska  
**Ansvarleg søkjar:**  
**Søknadstype:** Søknad om ferdigattest

### VEDTAK:

**Med heimel i plan- og bygningslova § 21-10 vert det gjeve ferdigattest for bustad på gbnr 322/229/seksjon 6.**

**Bygningen eller delar av den må ikkje takast i bruk til anna føremål enn det løyvet fastset. Bruksendring krev særskilt løyve, jf. pbl. § 20-1, bokstav d.**

Tiltakshavar har ordna med naudsynt sluttdokumentasjon og har erklært at tiltaket er ferdigstilt. Gjennom dette er det stadfesta overfor kommunen at kontroll er utført med tilfredsstillande resultat, og at tiltaket er utført i samsvar med krav gjeve i eller i medhald av plan- og bygningslova, og vedtak i saka datert 25.05.2012. For tiltak med krav til uavhengig kontroll ligg det føre dokumentasjon for utført sluttkontroll.

Det vert elles vist til søknad motteken 30.06.2022.

### Skildring

Adresse:	Mjåtveitmarka 36 F, 5918 Frekhaug
Bygningstiltak:	Leilighet i bustad
Bygningsnummer:	300301365
Bruksareal:	

Avlaup:	kommunalt
Vatn:	kommunalt
Tal på røykløp:	

### Historikk i saka

Det er ikkje gitt ferdigattest på bygningane i dette området ettersom ein venta på å ferdigstille eit vegkryss som vart ein del av eit rekkjefølgekrav til reguleringsplanen for Mjåtveitmarka. Det vart etter delegert mynde i kommunestyret datert 11.10.2013 gitt dispensasjon frå krav om rekkjefølgekrav frå reguleringsplanen.

Som utgangspunkt er det ikkje lovheimel til å gje ferdigattest utan ny ansvarsrett, slik som i denne saka.

Ettersom ansvarleg søker har stadfesta at alle vilkår for ferdigattest er oppfylt når det gjeld bygningane, vurderer kommunen at vi kan gje ferdigattest på bakgrunn av saka sitt tilhøve.

### Regeleverk

- Krav om sluttkontroll og ferdigattest følgjer av plan- og bygningslova (pbl) § 21-10.
- Viss du skal endre bruken av bygningen krev dette søknad, jf. pbl § 20-1 bokstav d).

### Mynde

Saka er handsama og avgjort administrativt i medhald av delegert mynde, jf. kommunelova § 5-3, 3.ledd og gjeldande delegeringsreglement.

### Klage

Vedtaket er eit enkeltvedtak etter reglane i lov om offentleg forvaltning (fvl). Vedtaket kan klagast på til kommunen, jf. fvl. §§ 28-36. Klagefristen er 3 veker, jf. fvl § 29 (1). Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til kommunen. I klagen skal det gå fram kva det vert klaga på i vedtaket, og kva endringar ein ønskjer. Klagen skal grunngjevast.

Før det kan reisast søksmål om vedtaket er gyldig eller krav om erstatning, må høve til å klage på vedtaket vere nytta fullt ut, jf. fvl. § 27b.

Ved all vidare kontakt i denne saka, ver venleg og referer til saknr.: 22/5358

Med vennleg helsing  
Alver kommune

Are Frøysland Grande  
Avdelingsleiar

Hanne Marie Evensen  
Rådgjevar

*Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.*

**Mottakarar:**

Magdalena Gawronska

Mjåtveitmarka 5918  
36f

FREKHAUG